# Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

# Delområde 1 Valestrand

Lenke til innspela:

https://www.sveio.kommune.no/plan-bustad-og-eigedom/plan-bygg-og-eigedom/planarbeid/planprosessen-for-kommuneplanen/

## Innhald


1. OVERSIKTSKART ... 3
2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF) ... 4
16.11674_1 og 21.13351 Spreidde bustader (LNF spreidd ), gbnr. 8/3 ... 4
18.17541_1 Bustader, 18.17541_2 og _3 LNF, gbnr. 4/1 m.fl. og 21.13212 Fritidsbusetnad, gbnr. 4/1 og 4/48 ... 7
23.4259_2 Bustader, gbnr. 6/17 m.fl. ... 11
23.4259_3 Bustader, gbnr. 6/17 m.fl. ... 15
3. FRITIDSBUSETNAD ... 18
20.15160 Fritidsbusetnad, gbnr. 3/34 m.fl. ... 18
21.11357 og 16.11679 – Fritidsbusetnad, 22.2199_1 og 22.2199_2 - Molo, gbnr. 3/109 m.fl. ... 21
21.6229 – Fritidsbusetnad, gbnr. 12/18 ... 25
22.12529 Fritidsbusetnad, gbnr. 24/2 ... 28
22.2706 Fritidsbusetnad, gbnr. 2/12 ... 31
18.11322 Fritidsbusetnad, gbnr. 8/6, 9/10 ... 34
23.3870 Fritidsbusetnad, gbnr. 16/2 ... 37
4. FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL ... 40
21.13098 Fritids- og turistføremål, gbnr. 7/41 ... 40
5. NÆRINGSBYGNINGAR ... 43
23.4259_5 Næringsbygningar, gbnr. 26/1 m.fl. ... 43
23.4259_1 Næringsbygningar, gbnr. 5/1 m.fl. ... 47
23.4259_4 Næringsbygningar, gbnr. 5/1 m.fl. ... 51
6. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG ... 55
17.16198 Naust, gbnr. 16/10 m.fl. ... 55
16.11674_2 Naust, gbnr. 8/3 ... 58
16.11605_1-3 Naust, 16.11605_4-6 Småbåtanlegg i sjø, 16.11611 Naust, gbnr. 22/2, 20-21 ... 61
17.16217 Naust og småbåtanlegg, gbnr. 7/5 m.fl. ... 65
7. KOMBINERT BYGGJE- OG ANLEGGSFØREMÅL ... 68
17.17366 Kombinert føremål (næring, fritid/turisme, fritidsbustad), gbnr. 5/24 ... 68
17.17371 Kombinert føremål Bustad – fritidsbustad – naust, gbnr. 6/3 ... 71
8. PARKERING ... 74
Adm. 3 Parkering oppvekstsenter, gbnr. 7/1 ... 74

9. SMÅBÅTHAMN ... 77
20.16856_1 Småbåthamn og 20.16856_2 Molo, gbnr. 10/3 ... 77
10. FLEIRE FØREMÅL ... 80
18.583 Fritidsbusetnad, småbåthamn, naust, molo, gbnr. 7/4 ... 80
21_678 Diverse, Valevåg ferjekai, gbnr. 9/31 m.fl. ... 84
23.2271 Bustader, gbnr. 8/16 m.fl, og 23.3493 Fritids- og turistformål, gbnr. 8/16 m.fl. ... 88

# 1. OVERSIKTSKART



# 2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF)

## 16.11674_1 og 21.13351 Spreidde bustader (LNF spreidd ), gbnr. 8/3

| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br>Spreidde bustader (LNF) | **Arealendring**<br><br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk**<br>Spreidde bustader<br>Innspel 16.11674_1 vart i 2021 erstatta av innspel 21.13351, der ein ber om å få desse to areala avsett til spreidde bustader. Ein vurderer difor her begge arealflat-ene som Spreidde bustader. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 145,7 daa, der areal for utviding av Spreidde bustader (LNF) er 66,7 daa. |
| **Skildring av området** | Arealet ligg sentralt på Valevåg, på austsida av fv. 4990. Arealet er småkup-ert, ubygd og skogkledd. Det går nokre traktorvegar/stiar på arealet, samt høgspentleidningar. E39 går i tunnel under området. Området rundt ber preg av spreidd busetnad, samt meir konsentrert utbygging lenger vest ved sjø. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet, noko innmarksbeite i vest<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br>Det går traktorveg/stiar i området. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med høyt jordbrukspreg (NiN). Innspelet ligg i landskapstypen Brede fjord-løp og fjordmøter med landskaps-verdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt. | Ei utviding av arealføremål Spreidde bustader lenger nord er vurdert å ha avgrensa konsekvens for landskap. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Terrenget i området er småkupert, og i hovudsak utan tiltak, med unntak av nokre traktorvegar/stiar og høgspentlinjer.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor innspela. Tilgrensande i nord ligg Einstabøvoll gard (H570_8A), som med 20 freda bygningar er det einaste kultur-minnet i Sveio som er freda etter vedtak. | Utbygging i nordleg del må til-passast og ta omsyn til verne-verdiane knytt til Einstabøvoll gard (H570_8A). | -1 |
| **Naturressursar** | 136,9 daa skog av middels bonitet, og 7,9 daa innmarksbeite | Ei utbygging i området vil med-føre tap av store skogressursar. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er fortau og veglys, samt kollektivtilbod langs fv. 4990. | | +1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av arealføremål Spreidde bustader (SB2) i gjeldande KPA lenger nord. Det er p.t. ikkje er bygd ut bustader innanfor arealet, men det er etablert fire bustader lengst vest i SB2. Innspels-området ligg i Valevåg, med kort veg (under 1 km ) til m.a. skule og barnehage. Utbygging av bustader i dette området vil vera med på å byggje opp Valevåg som nærsenter. | | +2 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 67 daa skog med høg og høg bonitet, som er definert som kar-bonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande spreidd bustadområde, der konsekve-nsane av justeringa er vurdert å vera avgrensa. Det er etablert infrastruktur og området ligg svært sentralt til på Valevåg. Områda ligg relativt tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. Arealet er i dag i hovudsak urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **ROS-analyse** | | | |
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morene-materiale, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er fortau og veglys langs fv. 4990. Det går snarveg gjennom området til skule og barnehage. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone tilknytt fv. 4990. Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er går høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 10 km frå innspelsområda i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **-1** | **-2** | **+1** | **+2** | **-2** | **X** |

Innspelet inneber ei utviding av eksisterande spreidd bustadområde, der konsekvensane av justeringa er vurdert å vera avgrensa. Det er etablert infrastruktur og området ligg svært sentralt til på Valevåg, og vil såleis vera med på å byggje opp under sentrum i Valevåg.

Innspelet vert positivt tilrådd dersom det er behov for nytt bustadareal i dette delområdet. Det bør også vurderast om deler av arealet burde leggast inn som bustadføremål, gitt den sentrale plasseringa i Valevåg sentrum.

ROS-analyse: Kvikkleire, støy, stråling frå høgspent

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området. Vurdere bustadføremål for deler av arealet.**

## 18.17541_1 Bustader, 18.17541_2 og _3 LNF, gbnr. 4/1 m.fl. og 21.13212 Fritidsbusetnad, gbnr. 4/1 og 4/48

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>Bustader<br>LNF | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>18.17541_1 (1): Bustader<br>18.17541_2 og _3 (2): LNF<br>21.13212 (3): Fritidsbusetnad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.17541_1 (1): 148 daa. Avgrensinga skal tilpassast B_1 og gbnr. 4/1.<br>18.17541_2 og _3 (2): 26 daa. Avgrensinga skal tilpassast B_1<br>21.13212 (3): 5,8 daa |
| **Skildring av området** | Området ligg sør på Tittelsnesklubben, ned mot Eidsvågen. Mindre deler av innspela ligg såleis innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone. Regulert areal for hytter/rorbuer (planID 2005005) ligg mellom innspelsområde 1 og sjø, der tilkomstvegen går i innspelsområde 3. Innspelsområde 1 er kupert, og er urørt beståande i all hovudsak av skog, samt nokre traktorvegar /turstiar. I innspelsområde 3 er det etablert ein fritidsbustad. I områda kring innspel 3 er det ein blanding av einebustader og fritidsbygg. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader/fritidsbustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: større skogsareal, innmarksbeite, samt 26 daa impediment.<br>2: skogsareal, samt 3,5 daa impediment.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i | -1/-2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Artar: Flaggermus (sårbar art). | strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen. Like nord ligg området ligg det viktige friluftsområdet Tittelsnes-klubben/Røysaneset (Stort tur-område uten tilrettelegging). Områda ligg i strandsona, som for område 1 er definert som dels util-gjengeleg grunna eksisterande tiltak, og dels potensielt tilgjeng-eleg (inngrepsfri), med varierande hellingsgrad «noe» til «veldig stor» (mellom 3 og 25 grader, og større). Område 3 er definert som utilgjengeleg grunna inngrep. | Ei utbygging med bustader/ fritidsbustader vil medføre ei ytterlegare privatisering av stra-ndsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for frilu-ftsliv. Innspel 1 inneber ei juster-ing av eksisterande bustadområ-de, og innspel 3 ei harmonisering av arealstatus og etablert tiltak. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspelet ligg innan-for landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjenn-omsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er kupert, med gode solforhold. Innspelsområde 1 og 2 er ubygde, medan område 3 er bygd med fritidsbustad. Området rundt er bygd med spreidde bustader, fritidsbusetnad og naust.<br><br>Sjå 3D-kart her: www.kommunekart.com | Ei utbygging i området, som ligg eksponert i frå sjø, vil medføre terrenginngrep i strandsona. Det er andre inngrep i området rundt i frå før. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, med negative verknader i det sårbare landskap-et i strandsona. Innspel 1 inneber ei justering av eksisterande bu-stadområde, og innspel 3 ei har-monisering av arealstatus og eta-blert tiltak. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor innspela. Like vest for innspel 1 ligg det eit krigsminne (H570_4A). | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 52,7 daa skog med særs høg bonitet, 61 daa skog med høg bonitet, 5,5 daa innmarksbeite<br>2: 14,3 daa skog med særs høg bonitet, 3,7 daa skog med høg bonitet | Innspel 1 og 2 inneber ei justering av eksisterande bustadområde, der noko areal vert tilbakeført til LNF og noko vert innlemma i bu-stadføremålet. Endringane er vurdert å vera minimale. Innspel 3 ei harmonisering av arealstatus og etablert tiltak. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er privat veg utan fortau og veglys fram til fv. 4990. Langs fv. er det veglys, men ikkje fortau. Det er kollektivtilbod langs fv. 4990. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | 1: Innspelet inneber ei justering av eksisterande bustadområde, som p.t. ikkje er bygd ut. Det ligg utbygde bustadområde like vest og sør, og grensar til naust/rorbuområde. Innspelet ligg om lag 3,5 km i frå skule, barnehage og sentrum av Valevåg. Dette vil innebere skuleskyss for 1. klasse, men ikkje for 2.-10. klasse. | | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| | 2: Innspelet vil i følgje innsendar skape betre arrondering og bruk av areala til landbruksverksemd.<br>3: Innspelet styrkjer grunnlaget for det lokale handels-, service- og kultur-tilbodet, som kjem fastbuande til gode. | |
| **Karbonrike areal** | Innspel 1 og 2 inneber ei justering av eksisterande bustadområde, der noko areal vert tilbakeført til LNF og noko vert innlemma i bustad-føremålet. Endringane er vurdert å vera minimale. Innspel 3 ei harmon-isering av arealstatus og etablert tiltak. | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | X |
| **Strandsone** | Ein mindre del av innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strand-sone. Denne går noko framom 100-meterbeltet i området. For bustadområdet medfører den føreslåtte justeringa at føremålet kjem nærare sjøen enn i dag. Ønska arealbruk er bustad og fritidsbustad (innspel 1 og 3), og Strandsonerettleiar-en for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/ SPR. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspel 1, og dels 3 er såleis i tråd med denne delen av retningslinjene.   | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspel 1 og 2 inneber ei justering av eksisterande bustadområde, der noko areal vert tilbakeført til LNF og noko vert innlemma i bustadføremålet. Endringane er vur-dert å vera minimale. Innspel 3 ei harmonisering av arealstatus og etablert tiltak. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs kommunal veg eller fv. 4990. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspela vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspela. | | |

| | |
|---|---|
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 12,5 km frå innspelsområda i luft-linje. |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1: -1/-2 | 1: -1 | 1: -1 | 0 | 1: -1 | 1: -1 | 0 | 0 | X |
| 2: +2 | 2: +2 | 2: +3 | | 2: +3 | 2: 0 | | | |
| 3: -1/-2 | 3: -1 | 3: -1 | | 3: -1 | 3: -1 | | | |

Innspel 1 og 2 inneber ei justering av eksisterande bustadområde, der noko areal vert tilbakeført til LNF og noko vert innlemma i bustadføremålet. Endringane er vurdert å vera minimale. Innspel 3 inneber endring frå bustad til fritidsbustadføremål i eit område der det i dag er ein blanding av einebustader og fritidsbustader. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere område for bustader- og fritidsbustader i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (18.17541_1) og 2 (18.17541_2 og _3): Positiv ved behov**

**Fagleg tilråding innspel 3 (21.13212): Justert positiv tilråding, til utanfor funksjonell strandsone.**

## 23.4259_2 Bustader, gbnr. 6/17 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>Spreidde bustader (LNF)<br>Bustadføremål i reguleringsplan 1975002<br>Omsynssone H570_5A<br><br>**Planlagt arealbruk**<br>Bustader | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 138,5 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på nordsida av Tittelsnes, med strandlinje ut mot Bømlafjorden. Deler av innspelet ligg såleis innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone. Innspelsområdet er i dag innanfor arealføremål LNF-spreidd busetnad (SB_1) og reguleringsplan 1975002 med bustadføremål. Kvoten for utbygging i SB_1 er brukt opp i gjeldande planperiode.<br>Innspela frå Valestrand bygdelag er store og omfattande, noko som gjer at det vert vanskeleg å ta stilling til dei. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Kulturminne<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av høg bonitet litt av særs høg bonitet, innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka mark.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: fleire registreringar, granmeis (VU), gulspurv (VU), grønnfink (VU) og gråspurv (NT) | Tiltaket vil medføre arealbeslag og nedbygging av jordbruksareal, samt nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er relativt stort, og består av lett spreidd bygging. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Deler av innspelet ligg i strandsona. Funksjonell strandsone i området går i 100-metersbeltet. I strandsona er delar av området registrert som | Utbygging i området vil medføre auka privatisering av strandsona, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | potensielt tilgjengeleg, med hellingsgrad 2 og 3. | | |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Bømlafjorden. Innspelet ligg i landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Terrenget i området er småkupert, og stig frå strandlinja til om lag 10 m.o.h. Området har spreidd utbygging.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Ei utbygging i området, som ligg eksponert i frå sjø, vil medføre terrenginngrep i strandsona. Det er inngrep i området rundt i frå før. Ei større utbygging i området vil medføre endringar i landskapsuttrykk, med negative verknader i det sårbare landskapet i strandsona.<br>Ei mindre utbygging i form av å opna for nokre enkelte bustadar i LNF-spreidd kvota vil derimot ha mindre negative verknadar for landskapsutrykket. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er fleire registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- og miljø innanfor, samt i nærleiken av innspelet. Omsynssona for Tittelsnes fort kjem innanfor innspelsområdet, samt at omsynssone H570_7b (gardsmiljø) og H570_5A (sjøbruksmiljø) ligg innanfor innspelsområdet. Nausta innanfor omsynssona H570_5A er SEFRAK-bygg. I tillegg er det registrert automatisk freda kulturminne i form av gravrøysa frå bronsealderen, samt buplass frå yngre steinalder ved Haugevegen. | Utbygging av området kan ha negative konsekvensar for kulturmiljøet i området. | -2 |
| **Naturressursar** | 0,4 daa skog av særs høg bonitet, 25 daa av høg bonitet. 30 daa innmarksbeite, 7 daa overflatedyrka og 28 daa fulldyrka mark. | Ei utbygging i området vil medføre tap av skogressursar, samt jordbruksareal. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Vestre del av innspelet er spreidd busetnad, medan austre del er regulert til bustadføremål. Det er difor truleg høve til å kopla seg på nærliggjande infrastruktur. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs vegane i området. Langs fv.9 er det etablert veglys og kollektivtrafikk. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet grensar til område med spreidde bustader og bustadfeltet Gramshaug. Innspelet ligg om lag 3 km frå Valevåg sentrum, med skule og barnehage. Dette vil medføre behov for skuleskyss for 1. klasse, men ikkje for 2.-10. klasse. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 25,4 daa skog med særs høg og høg bonitet, som er definert som karbonrike areal, samt 65 daa jordbruksareal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |

| | |
|---|---|
| **Strandsone** | Innspelet ligg dels i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, og innanfor funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.   |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit område med mykje jordbruksareal, og arealføremål LNF-spreidd busetnad. Det er relativt lang avstand til sentrum av Valevåg. Det er infrastruktur i nærleiken, og områda ligg relativt tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. Arealet er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg eit aktsemdområde for skred innanfor innspelet | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morene-materiale, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg ikkje eit aktsemdområde for flaum innanfor innspelet | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs Haugevegen. Trafikktryggleik må vera tema i reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert støysoner innanfor innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidning i området. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 12 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **-2** | **-2** | **-1** | **0** | **-2** | **x** |
| Innspelet ligg om lag 3 km frå Valevåg sentrum. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere bustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Området er også omfatta av fleire kulturminne, samt at ledig areal i stor grad er jordbruksareal. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.<br>ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 23.4259_3 Bustader, gbnr. 6/17 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br>Spreidde bustader (LNF)<br>Omsynssone høgspenningsanlegg<br>Eit lite overlapp med reg.plan for Steinbrot Einstabøvoll (PlanID 2003002)<br>**Planlagt arealbruk**<br>Bustader (ikkje medrekna utfylling i sjø. Avgrensing skal justerast) | **Arealendring**<br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 85,8 daa (avgrensing skal justerast, og skal ikkje omfatte utfylling i sjø) |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på vestsida av Tittelsnes, med strandlinje ut mot Bømlafjorden. Deler av innspelet ligg såleis dels innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone. Det går ei høgspenningslinje med tilhøyrande anleggsveg i vest, og innspelet grensar til steinbrot i sør. Det ligg ein einebustad i den austlege delen av innspelet, elles er området i stor grad skogkledd utan tiltak. Det går ein anleggsveg i samband med høgspentlinja i den vestlege delen av innspelet.<br>Innspela frå Valestrand bygdelag er store og omfattande, noko som gjer at det vert vanskeleg å ta stilling til dei. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: I hovudsak blandings-skog av varierande bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er relativt stort, og består i hov-udsak av ubygde område. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Deler av innspelet ligg i strandsona. Funksjonell strandsone i området går i 100-metersbeltet. Strandsona i området er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad. | Utbygging i området vil medføre privatisering av strandsona, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspelet ligg i landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Terrenget i området er småkupert, og stig frå strandlinja til om lag 30 m.o.h. Området er i hovudsak utan tiltak, med unntak av nokre bygg i søraust og ein anleggsveg og høgspentlinje i vest.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Ei utbygging i området, som ligg eksponert i frå sjø, vil medføre terrenginngrep i strandsona. Det er ikkje andre inngrep i området rundt i frå før. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, med negative verknader i det sårbare landskapet i strandsona. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor, eller i nærleiken av, innspelet. | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Naturressursar** | 32,6 daa skog av særs høg bonitet, og 25,7 daa av høg bonitet. | Ei utbygging i området vil medføre tap av store skogressursar. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det ligg eit område med fritidsbygg og einebustader vest for innspelet, og det er spreidd busetnad aust for innspelet. Det er truleg høve til å kopla seg på nærliggjande infrastruktur. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs vegane i området. Langs fv. er det etablert veglys og kollektivtrafikk langs fv. 4990. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet grensar til område med spreidde bustader og fritidsbustader. Valevåg steinbrot ligg tett på/grensar til området, noko som kan vera utfordrande med omsyn til m.a. støy. Innspelet ligg om lag 1,5 km frå Valevåg sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 58 daa skog med særs høg og høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg dels i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona.. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. |  | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit relativt urørt område utan infrastruktur. Det er om lag 1,5 km til sentrum av Valevåg, og området er såleis relativt godt plassert med omsyn til lokalisering av nye bustader. Arealet er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg eit aktsemdområde for skred innanfor innspelet | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morene-materiale, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg eit aktsemdområde for flaum innanfor innspelet | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er fortau langs Tittelsnesvegen, men ikkje langs Kjeksevegen. Trafikktryggleik må vera tema i reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er potensiell konflikt knytt til støy frå nærliggande steinbrot. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein høgspentleidning gjennom innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 11 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **-1** | **0** | **-2** | **x** |

Innspelet ligg relativt sentralt plassert i forhold til Valevåg, med mellom anna skule og barnehage. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere bustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent. Nærleiken til steinbrotet er ei potensiell utfordring, særleg med omsyn til støyproblematikk.

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

# 3. FRITIDSBUSETNAD

## 20.15160 Fritidsbusetnad, gbnr. 3/34 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>Bustad | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>Fritidsbustad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Tittelsnes, ved Eidsvåg, Grunnavåg. Det står i dag tre naust innanfor innspelsområdet, samt eitt like aust. Lenger vest, i Grunnavågen, er det tre naust. Tilgrensande areal i sør og aust er omfatta av reguleringsplan, og er bygd ut med hytter/rorbuer. Innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Ikkje registrert.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Innspelet er allereie bygd ut, og ei endring i arealføremål vil få avgrensa verknadar for naturmangfald. | 0 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Innspelet ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsone. Strandsona i området er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg på grunn av nærleik til fritidsbustader. | Slik området er bygd ut i dag (naust), gir det tilgjenge til sjøen i Grunnavåg og langs brygga innanfor innspelet. Ei endring til fritidsbustadføremål vil medføre at strandsona i området i større grad vert privatisert og utilgjengeleg for ålmenta. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspelet ligg i landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter med landskapsverdi 3 – | Innspelet er allereie planert og bygd ut med naust. Ei endring i frå arealføremålet naust til fritidsbustader vil medføre mindre endringar i landskapsuttrykk. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Eitt av nausta innanfor innspelet er SEFRAK-registrert, som naust/båthus/sjøbu frå 1800-talet. | Ei endring av føremål kan få konsekvens dersom det SEFRAK-registrerte naustet vert rive, og/ eller dei andre nausta får endra uttrykk. | -1 |
| **Naturressursar** | Ingen registreringar. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området er i frå før bygd med naust, fritidsbustader og bustader, og infrastruktur er etablert. Det er ikkje etablert fortau langs privat tilkomstveg. Langs Bjørgavegen er det ikkje etablert fortau eller kollektivtrafikk, men veglys. | | +1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med spreidde bustader, naust og fritidsbustader. Næraste område med senterfunksjonar er på Valevåg, som ligg om lag 3,5 km frå innspelet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet langs sjø) og funksjonell strandsone, og ønska arealbruk er fritidsbustad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/ SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Ei endring av føremål til fritidsbustad vil truleg ikkje medføre store endringar for trafikktryggleik i området. Trafikktryggleik må vera tema for ein ev. reguleringsplan i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | |
|---|---|
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 12 km frå innspelet i luftlinje. |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0** | **-2** | **0** | **-1** | **0** | **+1** | **0** | **0** | **X** |
| Innspelsområdet er bygd ut med naust i dag, og kommuneplanen viser området som bustad. Områda rundt innspelet inngår i reguleringsplan for fritidsbustad, og ønska arealføremål er fritidsbustad. Infrastruktur, vegsamband etc. er allereie etablert. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere område for bustader- og fritidsbustader i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Fritidsbustad i strandsona medfører vesentleg meir privatisering enn naust, og innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland/SPR. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.<br>ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik. | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 21.11357 og 16.11679 – Fritidsbusetnad, 22.2199_1 og 22.2199_2 - Molo, gbnr. 3/109 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>21.11257: LNF<br>22.2199_1: Badeområde, småbåthamn og ferdsel i reguleringsplan.<br>Friluftsområde i sjø, LNF på land i kommuneplan<br>22.2199_2: Ferdsel i reguleringsplan, friluftsområde i sjø i kommuneplan<br>16.11679: LNFR, friområde, bustad. Området vist som bustad i kommuneplanen er omfatta av reguleringsplan for Hyttefelt Eidsvåg – gnr. 3, bnr. 5, frå 1979. | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>21.11257: Fritidsbustad (1)<br>22.2199_1: Anna bebyggelse og anlegg (småbåtanlegg) (2)<br>22.2199_2: Molo (3)<br>16.11679: Fritidsbustad (4) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 21.11257 (1): 24,3 daa<br>22.2199_1 (2): 1,6 daa<br>22.2199_2 (3): 0,3 daa<br>16.11679 (4): 30,7 daa |
| **Skildring av området** | Det er ingen tiltak innanfor innspel 1, og innspelet ligg dels innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet. Innspelet grensar i sør til areal som er vist som bustad i gjeldande kommuneplan. Dette området er omfatta av reguleringsplan for fritidsbustader, reguleringsplan «Nordre Buvika, gnr. 3 bnr. 1 m.fl.», frå 2019. Dei nordlege, tilgrensande områda er bygd ut med fritidsbustader, naust og småbåthamn med molo, mens dei sørlege delane av reguleringsplanen ikkje er bygd ut. Innspela om molo (2 og 3) ligg innanfor denne reguleringsplanen. Innspel 4 grensar til reguleringsplan for hyttefelt, som i hovudsak er bygd ut. Det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Overordna behovsvurdering knytt til fritidsbustader i kommunen/området<br>Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** |
|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: Barskog, impediment<br>2: Sjø<br>3: Sjø<br>4: Barskog, høg bonitet<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.<br>Innspel 1 og 4 er relativt store areal med urørt natur. Ei utbygging i desse områda vil medføre relativt store arealbeslag og negativ konsekvens for naturmangfaldet i område som i dag er utan tiltak. | 1: -1/-2<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -1/-2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen innanfor innspela 1, 2 og 3. Innspel 4 overlappar med det svært viktige friluftslivområdet Trollavassnipen/ Målefjellet. Dette er tursti til Trolla-vassnipen, inkludert fleire traséar som er merka og skilta med start-punkttavler.<br>Innspel 1 ligg dels i strandsona. Funksjonell strandsone i området ligg i 100-metersbeltet. Strandsona i området er definert som potens-ielt tilgjengeleg (inngrepsfri), med i hovudsak «noe» og «stor» hellings-grad (mellom 3 og 25 grader). | Ei utbygging med fritidsbustader innanfor innspel 1 vil medføre vesentleg privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha vesentleg negativ verknad for friluftsliv.<br>Innspela 2 og 3 (molo) har ingen kjende konsekvensar for friluftsliv.<br>Innspel 4 overlappar med eit friluftslivområde registrert som svært viktig. Området er stort, og innspelet ligg i utkanten av området. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for friluftsliv, men ei utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane. | 1: -2<br>2: 0<br>3: 0<br>4: -2 |
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor landskapsområde Bjoafjorden – Skånevikfjorden, landskapstype breie fjordløp og fjordmøter, med verdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br>Landskapet i området er småkupert, og består av hei- og skogområde med spreidde fritidsbustader. Området er austvendt, med utsikt mot Nordre og Søre Ilholmen.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/<br>og her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Ei utbygging innanfor innspel 1 vil medføre terrenginngrep i strandsona i eit område der det ikkje er tiltak i dag.<br>Innspel 2 ligg i nær tilknyting til etablerte tiltak og inneber ei utviding (?) av eksisterande molo. Konsekvensane er såleis avgrensa.<br>Innspel 3 ligg i tilknyting til eit båtopptrekk, men sjølve innspelet ligg i eit område som er utan tiltak i dag. Etablering av molo i området vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar<br>Innspel 4 ligg i forlenginga av eksisterande og utbygd område for fritidsbustader. Ei utviding av området vil ikkje ha vesentlege | 1: -2<br>2: 0<br>3: -1/-2<br>4: -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | negative landskapsmessige konsekvensar. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela. | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Naturressursar** | 1: Barskog, impediment<br>4: Barskog, høg bonitet<br><br>Det er ikkje registrert fiskefelt eller marine ressursar innanfor innspel 2 og 3. | For innspel 1 vil det ikkje vera kjende konsekvensar for naturressursar. For innspel 4 vil ei utbygging medføre tap av barskog med høg bonitet | 1: 0<br>2: 0<br>3: 0<br>4: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspela har ikkje etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, men ligg i tilknyting til eksisterande utbygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela ligg i tilknyting til dels utbygde område for fritidsbustader. Dei ligg ikkje tett på etablerte tettstader eller senter i kommunen. Valevåg sentrum ligg om lag 5 km frå innspela. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Innspel 4 er registrert som barskog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | X |
| **Strandsone** | Innspel 1 ligg dels innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet langs sjø) og registrert funksjonell strandsone, og ønska arealbruk er fritid. SPR seier at areal til bustad-, sentrum- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Strandsonerettleiaren peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/ SPR.<br><br>Innspela 2 og 3 ligg i sjø, og inneber etablering av molo. Dette er tiltak som heng naturleg saman med arealbruken i området, og som ikkje er i strid med strandsoneverdiane i området.<br> | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader, og kan såleis truleg relativt enkelt koplast til infrastruktur. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader, naust og småbåtanlegg har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspela ligg i all hovudsak under marin grense. Registrert lausmassetype er bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspel 1, 2 og 3, som ligg i sjø eller strandsone vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring til tilgrensande hytteområde. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for områda (for innspel 1 og 4). | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder tett på innspela, og innspela vil heller ikkje medføre støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 11 km i luftlinje frå innspela. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1: -1/-2 | 1: -2 | 1: -2 | 0 | 1: 0 | -1 | 0 | -1 | x |
| 2: -1 | 2: 0 | 2: 0 | | 2: 0 | | | | |
| 3: -1 | 3: 0 | 3: -1/-2 | | 3: 0 | | | | |
| 4: -1/-2 | 4: -2 | 4: -1 | | 4: -1 | | | | |

Innspela ligg i eit område som allereie er bygd ut med fritidsbustader, og innspela om molo ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for fritidsbustader. Innspel 1 ligg dels i strandsona, og innanfor funksjonell strandsone.

Innspela på fritidsbustad ligg i tilknyting til eksisterande fritidsbustad-område. Innspel 1 ligg dels innanfor funksjonell strandsone, mens innspel 4 overlappar med eit svært viktig friluftslivområde. Dersom det er behov for meir areal til fritidsbustader i dette området kan desse områda tilrådast positivt, då justert til utanfor funksjonell strandsone og registrert friluftslivområde.

Dei to innspela på molo/småbåtanlegg har ikkje vesentlege negative konsekvensar, og ligg innanfor regulert område, og tett på etablerte tiltak. På bakgrunn av dette vert desse positivt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (21.11357) og 4 (16.11679): Positiv tilråding ved behov for areal til fritidsbustad i dette delområdet, justert til utanfor funksjonell strandsone og registrert friluftslivområde.**

**Fagleg tilråding innspel 2 (22.2199_1) og 3 (22.2199_2): Positiv tilråding**

## 21.6229 – Fritidsbusetnad, gbnr. 12/18

| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk**<br>Fritidsbustad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 0,9 daa |
| **Skildring av området** | Det er ingen tiltak innanfor innspelet, som omfattar heile eigedom gbnr. 12/18. Innspelet er registrert som innmarksbeite, og det ser ut på flyfoto som det også er noko lauvskog innanfor innspelet. Like sør for innspelet ligg det ein fritidsbustad, og det er spreidd utbygging med fritidsbustader og bustader i området. Innspelet ligg i overkant av 80 meter frå Vasslivatnet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Overordna behovsvurdering knytt til fritidsbustader i kommunen/området<br>Innmarksbeite |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Innmarksbeite<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot vassdrag. | Avstand til vatnet er om lag 80 meter, og det er bygg nærmare enn innspelet. Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområde Valestrand, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/ eller over gjennom-snittet lokalt.<br><br>Landskapet i området er relativt flatt, og nærområda består av beiteland med noko spreidd | Ei utbygging innanfor innspelet vil medføre terrenginngrep på eit areal der det ikkje er tiltak i dag.<br><br>Det er spreidd busetnad kring innspelet, og terrenget er relativt flatt. Konsekvensane av innspelet er såleis avgrensa. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | lauvskog, samt spreidd frittliggjande bustader og fritidsbustader.<br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Naturressursar** | Innspelet er registrert som innmarksbeite. | Innspelet vil medføre tap av innmarksbeite. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet har ikkje etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, men ligg i tilknyting til eksisterande spreidd utbygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i tilknyting til dels utbygde område for fritidsbustader. Dei ligg ikkje tett på etablerte tettstader eller senter i kommunen. Valevåg sentrum ligg om lag 3 km frå innspelet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Innspelet er registrert som innmarksbeite, som er definert som relativt karbonrikt areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritidsbustad. I samsvar med vassressurslova § 11 skal det sikrast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag som motverkar avrenning, og er levestad for plantar og dyr.<br>Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Vasslivatnet er ikkje vist med tilstand i vann-nett. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og av-løpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i tilknyting til eksisterande område for frittliggjande fritidsbustader/ bustadar. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda.<br>Arealet er i dag urørt område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er vegframføring til tilgrensande busetnad. Ei utbygging med ein ekstra fritidsbustad vil truleg ikkje medføre store endringar for trafikktryggleik i området | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og innspelet vil heller ikkje medføre støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 8 km i luftlinje frå innspelet. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **0** | **-2** | **-1** | **0** | **-1** | **x** |
| Innspelet ligg i eit område der det allereie er bygd ein del spreidde fritidsbustader og bustader i område med LNF-føremål. Heile innspelet ligg innanfor område registrert som innmarksbeite, og utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for naturressursar. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.<br><br>ROS-analyse: Kvikkleire | | | | | | | | |
| **Fagleg vurdering: Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 22.12529 Fritidsbusetnad, gbnr. 24/2

| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br><br>**Planlagt arealbruk**<br>Fritidsbustad | **Arealendring**<br><br> |
|---|---|
| **Arealstorleik planlagt arealbruk, tal einingar** | 6 daa, to fritidsbustadtomter. |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Geiteid, nordvest for Ørvikevatnet. Området ligg ved Brokanesvegen. Det er ikkje tiltak innanfor innspelet i dag, og området er skogkledd. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Overordna behovsvurdering knytt til fritidsbustader i kommunen/området<br>Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Barskog av høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Det er ikkje registrert friluftslivsområde innanfor innspelet. Innspelet ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men ligg utanfor funksjonell strandsone. Strandsona i området er dels registrert som potensielt tilgjengeleg, mens området kring fritidsbustaden som ligg nord for innspelet er registrert som ikkje-potensiell tilgjengeleg strandsone | Innspelet vil medføre privatisering av eit område der det er ikkje er tiltak i dag. Innspelet ligg ikkje i funksjonell strandsone, og verknaden er vurdert som avgrensa. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogsåsar, med landskapsverdi 2 - vanlig førekomande i lokal samanheng. | Innspelet vil medføre terrenginngrep innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet. Innspelet ligg på oppsida av Brokanesvegen og er ikkje del av funksjonell strandsone. Landskaps- | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Terrenget er særs kupert i innspelsområdet, og stig frå Brokanesvegen, som ligg på om lag 12 m.o.h., opp til om lag 35 m.o.h.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | konsekvensane er såleis vurdert å vera moderate. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Innspelet overlappar litt med omsynssone gardsmiljø i kulturminneplanen. Omsynssona ligg kring garden Lier, sør for innspelet, med fleire SERFRAK-registrerte bygg. Garden er skildra som «tun med fleire autentiske bygningar og restar etter ulike bygningstypar. Kulturlandskap med steingardar og bakkemurar. Mur rundt tunet på fleire sider». | Lier-garden, som er omfatta av omsynssone kulturmiljø, ligg ikkje i direkte visuell kontakt med innspelet, då terrenget skjermar. Det er såleis vurdert at innspelet ikkje vil medføre vesentlege negative konsekvensar for kulturmiljøet. | -1 |
| **Naturressursar** | Innspelet består av barskog av høg bonitet. | Utbygging i området vil medføre tap av inntil 6 daa barskog av høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Kommunal veg Brokanesvegen ligg tett på innspelet, og vil fungere som tilkomstveg. Det er elles ingen tiltak, og såleis ingen infrastruktur i området i dag. Brokanesvegen er utan fortau og veglys fram til fv. 4988. Langs fv. er det heller ikkje veglys eller fortau, men det er etablert kollektivtilbod. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med spreidd busetnad, og nokre fritidsbygg. Innspelet ligg om lag 6 km frå Valevåg. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er karbonrike areal i form av skog av høg bonitet innanfor innspelet | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, men utanfor funksjonell strandsone. Denne går i Brokanesvegen. Ønska arealbruk er fritidsbustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Funksjonell strandsone i området følgjer Brokanesvegen som går like nedanfor innspelet, og som utgjer eit naturleg skilje. På bakgrunn av dette er det vurdert at innspelet ikkje er i strid med strandsonerettleiaren/SPR.<br><br> | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

**ROS-analyse**

| **Naturfare** | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er morene-materiale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-1** | **-1** | **-1** | **-1** | **0** | **-1** | **x** |

Innspelet ligg i eit område som er utan tiltak i dag, med unntak av høgspentlinje. Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) mot sjø, men ikkje innanfor funksjonell strandsone. Det er ikkje kjende vesentlege negative konsekvensar av innspelet.

Innspelet kan tilrådast positivt dersom det er behov for fritidsbustader i området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, stråling frå høgspent

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding dersom det er behov for areal til fritidsbustader i området**

## 22.2706 Fritidsbusetnad, gbnr. 2/12

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF – spreidd bustad | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritidsbustad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 0,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i eit område for spreidd bustadbygging. Det er ingen tiltak innanfor innspelet, men på dei næraste utskilte tomtene er det sett opp fritidsbygg. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Overordna behovsvurdering knytt til fritidsbustader i kommunen/området. |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av særs høg og høg bonitet, noko innmarksbeite<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Innspelet ligg tett på eit viktig viltområde i vest (Bjørga – Tittelsnes).<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftsområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivsområde: Ingen, men innspelet ligg tett på det svært viktige friluftslivområdet Trollavassnipen/Målefjellet. Dette er tursti til Trollavassnipen, inkl. fleire trasear som er merka og skilta med startpunkttavler. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Relativt Åpent fjordlandskap (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med verdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelet ligg i utkanten av eit område med fritidsbustader. Arealet er skogkledd i dag, og ligg i ein relativt bratt austvendt skråning. | Ei utbygging av fritidsbustader i området vil ikkje medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet grensar til område vist i kulturminneplanen som Gardsmiljø, og markert med omsynssone H570. Det er to registrerte SEFRAK-bygg (raud kategori) innanfor gardsmiljøet, eit våningshus og ei løe. Gardstunet nord for innspelet, på Bjørga, er òg omfatta av omsynssone. Her er det 3 SEFRAK-bygg i raud kategori. | Ingen kjend direkte arealkonflikt med kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg. Det er allereie bygd ein del fritidsbygg i området mellom dei to gardsmiljøa/tuna omfatta av omsynssone i kulturminneplanen. Konsekvensen av innspelet er såleis vurdert til å vera avgrensa. | 0 |
| **Naturressursar** | Lauvskog av særs høg og høg bonitet, noko innmarksbeite. | Utbygging vil medføre tap av eit mindre areal med lauvskog og innmarksbeite. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er privat veg utan fortau, veglys eller kollektivtilbod i området. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med fleire andre fritidsbygg, og gardstun. Innspelet ligg ikkje tett på etablerte tettstader eller senter i kommunen. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert karbonrike areal i form av lauvskog av høg og særs høg bonitet (0,7 daa) innanfor innspelet. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Arealet er i dag urørte, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fareområde, men ligg innanfor aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg over marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | |
|---|---|
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 8 km frå innspelet i luftlinje. |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 0 | -1 | 0 | 0 | -1 | 0 | 0 | x |

Innspelet er ikkje i vesentleg konflikt med kjende registreringar, og ligg i eit område med fleire fritidsbygg. På bakgrunn av dette vert innspelet positivt tilrådd, med nytt føremål på heile området; LNF spreidd bustad og fritidsbusetnad

ROS-analyse: Skred, trafikktryggleik. Ein må stette krav til tryggleik mot naturpåkjenningar for byggverk og tilhøyrande uteareal sett i TEK17. Ein må difor gjennomføre skredfarevurdering og ev. gjennomføre risikoreduserande tiltak før ein kan etablere fritidsbustader i innspelsområdet.

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding, med nytt føremål på heile området; LNF spreidd bustad og fritidsbusetnad**

## 18.11322 Fritidsbusetnad, gbnr. 8/6, 9/10

| Gjeldande arealbruk:<br>LNF<br><br>Planlagt arealbruk:<br>Fritidsbustad | Arealendring<br> |
|---|---|
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 6,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i Valevåg, og er inneklemt i eit område med bustadføremål. På dei næraste tomtene er det sett opp fritidsbygg og bustad. Innanfor innspelet er det to uthus/garasjar. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Jordbruksareal<br>Naturregistreringar<br>ROS<br>Overordna behovsvurdering knytt til fritidsbustader i kommunen/området. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av høg bonitet, noko innmarksbeite og resten er overflatedyrka jord.<br>Naturtypar: Innspelet overlappar litt med registrert naturbeitemark med utforming fattig beiteeng, som omfattar friske enger på kalkfattig til intermediær mark, området har verdi B.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: ingen registreringar<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av overflatedyrka jord, samt eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftsområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivsområde: Ingen. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av landskapsområdet Bømlafjorden. Innspelet ligg innanfor landskapstype brede fjordløp og fjordmøter, med verdi 3 – vanlig førekomande i regional sam- | Ei utbygging av fritidsbustader i området vil ikkje medføre vesen-tlege negative landskapsmessige konsekvensar då området rundt allereie har utbygd bustad og fritidsbustadar. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | anheng, og/ eller over gjennom-snittet lokalt.<br><br>Innspelet ligg i området mellom bustad og fritidsbustader, der området rundt har arealføremål bustad. Utbygging av fleire fritidsbustadar her vil difor ikkje ha store konsekvensar for landskapsuttrykket. Arealet er overflatedyrka og eigna for landbruk, noko som vil bli tapt ved utbygging av området.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kultur-minne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ingen registrerte SEFRAK-bygg i nærleiken av innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Lauvskog av høg bonitet, overflate dyrka jord (om lag 3,7 daa) og noko innmarksbeite. | Utbygging vil medføre tap av eit mindre areal med lauvskog, om lag 3,7 daa overflatedyrka jord og noko innmarksbeite. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er veg utan fortau, men med veglys og kollektivtilbod i området. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med andre fritidsbygg, og bustadar. Innspelet ligg under 1 km frå Valevåg. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert karbonrike areal i form av lauvskog av høg bonitet (1,7 daa), og overflatedyrka jord (3,7 daa) innanfor innspelet. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, og tett på andre fritidsbu-stader og heilårsbustadar. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Store deler av innspelet er overflatedyrka mark, og nedbygging av dette vil vere negativt med omsyn til berekraft. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Delar av innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo/hav-nivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg innanfor gul støysone frå trafikk på Fv9, innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **0** | **-1** | **0** | **-2** | **-1** | **0** | **-1** | **x** |

Innspelet er i konflikt med naturtype og dyrka mark. Innspelet ligg i eit område med fritidsbygg og bustadar, og har tilgjenge til å kople seg på eksisterande infrastruktur. Området er dekka av skog av høg bonitet samt overflatedyrka jord. Det er ikkje å tilrå å byggje ned landbruksjord med mindre det er særskilt behov for det. På bakgrunn av dette vert innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 23.3870 Fritidsbusetnad, gbnr. 16/2

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF<br>Omsynssone friluftsliv H530_3</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>Fritidsbustad</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>1,3 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg langs vegen ned mot Hauglandsvika. I området sør for innspelet er det sett opp fritidsbygg, bustad og gardsbygg.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Jordbruksareal<br>Friluftsliv<br>Kulturminne<br>Overordna behovsvurdering knytt til fritidsbustader i kommunen/området.</td></tr>
</table>

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Barskog av høg bonitet, og overflatedyrka jord.<br>Naturtypar: ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar i stor grad med registrert svært viktig viltområde for Kvernaneset.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av overflatedyrka jord, samt eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Innspelet er i konflikt med viltområde registrert som svært viktig. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftsområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivsområde: omsynssone for friluftsliv H530_3 Ulveråkerhammeren/Storåsen/Vasslivatnet med tilhøyrande sjø og vassdrag. | Tiltaket vil medføre beslag av areal som er viktig for friluftslivkvalitetar. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av landskapsområdet Bømlafjorden. Innspelet ligg innanfor landskapstype brede fjordløp og fjordmøter, med verdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelet ligg i området mellom bustad, fritidsbustader og eit gardsbruk. Utbygging av fleire fritidsbustadar her vil difor ikkje ha store konsekvensar for landskapsuttrykket. Men området er småkupert og tiltaket vil difor krevja ein del terrenginngrep som vil ha negative konsekvensar for landskapet. Arealet er overflatedyrka og eigna for landbruk, noko som vil bli tapt ved utbygging av området.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Ei utbygging av fritidsbustader i området vil ikkje medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar då området rundt allereie har utbygd bustad og fritidsbustadar. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er registrerte kulturmiljø innanfor og kring innspelet. Omsynssone H570_25B omfattar gardsmiljøet med fleire tun på Haugland og Breistig. Det er ingen registrerte SEFRAK-bygg i nærleiken av innspelet. | Tiltaket ligg innanfor registrert kulturmiljø, men tiltak innanfor innspelet vil truleg kunna tilpassast, ved at kulturmiljøet vert teke omsyn til i utbygging og planlegging av tiltaket. | -1 |
| **Naturressursar** | Barskog av høg bonitet og overflate dyrka jord. | Utbygging vil medføre tap av barskog av høg bonitet og overflatedyrka jord | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad i nærleiken. Tilkomstvegen er utan fortau, veglys og kollektivtilbod. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med andre fritidsbygg og bustadar. Innspelet ligg om lag 5 km frå Valevåg sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert karbonrike areal i form av barskog av høg bonitet (0,8 daa), og overflatedyrka jord (0,4 daa) innanfor innspelet. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, og tett på andre fritidsbustader, heilårsbustadar og gardsmiljø. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda.<br>Arealet er i dag dels urørt område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Delar av innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo/hav-nivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg innanfor registrerte støysoner, innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 7 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-1** | **-1** | **-2** | **-1** | **0** | **-1** | **x** |

Innspelet ligg i eit område med fritidsbygg, bustadar og gardstun, og har tilgjenge til å kople seg på eksisterande infrastruktur. Innspelet er i konflikt med registrert svært viktig viltområde, landbruksressursar og omsynssone for friluftslivinteresser, og området er dekka av skog av høg bonitet samt overflatedyrka jord. På bakgrunn av dette vert innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

# 4. FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL

## 21.13098 Fritids- og turistføremål, gbnr. 7/41

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br>Fritidsbustad | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>Fritid/turisme | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 30,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg sørvest for, og grensar til eksisterande Kjekse hyttefelt. Det går ein tilkomstveg gjennom innspelet, men området er elles utan tiltak i dag, og er i hovudsak skogkledd. Planen er å bygge ein naturpark med overnatting, og med fiskemoglegheiter, sjøbad, grilling etc, eventuelt også med leirskuleområde. Utbyggjar ønskjer å få til eit samarbeid med kommunen og Turistforeningen i Haugesund om felles tilrettelegging av området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert<br>Markslag: Barskog (impediment og av høg bonitet) | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er relativt stort, og består i hovudsak av ubygde område. | -2 |
| **Friluftsliv** | Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller tett på innspelet.<br>Det meste av innspelet ligg i 100-metersbeltet, og innanfor funksjonell strandsone. Det meste av denne strandsona er registrert som potensielt tilgjengeleg, med unntak av dei områda som ligg tettast på eksisterande hyttefelt. | Utbygging i området vil medføre privatisering av strandsona.<br>Fritid/turismeføremålet er potensielt mindre privatiserande enn fritidsbustad-føremål, men ei utbygging i området vil likevel legge beslag på område som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Strandsona i område har varierande hellingsgrad. | | |
| **Landskap** | Innspelet ligg i landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen «brede fjordløp og fjordmøter». Området har landskapsverdi 3 – middels verdi.<br><br>Innspelet er i all hovudsak skogkledd, og utan tiltak. Terrenget er kupert, og stig frå strandlinja til om lag 35 m.o.h. lengst aust i innspelet, der det er ein markant kolle.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbygging i området vil medføre terrenginngrep i strandsona. Kollen som ligg i den austlege delen av innspelet bør bevarast som eit viktig landskapselement. Denne ligg utanfor funksjonell strandsone. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Naturressursar** | Innspelet består i hovudsak av barskog, men ein mindre del (146 $m^2$) overlappar med innmarksbeite. | Utbygging i området vil medføre tap av barskog med til dels høg bonitet, samt eit mindre areal innmarksbeite. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag, men innspelet grensar til ein hytteområde, og det er truleg høve til å kopla seg på nærliggjande infrastruktur. Kjeksevegen er utan fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet grensar til område med fritidsbustader. Valevåg steinbrot ligg tett på området, noko som kan vera utfordrande med omsyn til støy. Innspelet ligg om lag 3 km frå Valevåg. Etablering av fritid/turisme i området kan vera med på å byggje opp under Valevåg-bygda. Innspelet vil vera positivt for barn og unge sine interesser, med omsyn til etablering av naturpark og eventuell leirskule. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | Det er karbonrike areal i form av skog av til dels høg bonitet i området, og noko registrert innmarksbeite. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Etablering av ein naturpark i område kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone , og ønska arealbruk er fritid/turismeføremål.<br>SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon.<br>Utleigehytter er til dømes ikkje tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone, men mindre privatiserande tiltak tilknytt fritid- og turismeføremålet kan vurderast innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er såleis vurdert til å vera dels i tråd med strand-sonerettleiaren/SPR, då det er planlagt ein naturpark med moglegheiter for fiske og sjøbad.   | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet overlappar med to aktsemdområde for skred | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein bekk gjennom innspelet, men det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er fortau langs Tittelsnesvegen, men ikkje langs Kjeksevegen. Trafikktryggleik må vera tema for reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert støysoner innanfor innspelet. Steinbrotet på Valevåg ligg på det næraste 100 meter frå innspelsgrensa | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 11 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | -2 | -2 | 0 | -1 | -1 | +1 | -1 | +1 |

Innspelet ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet mot sjø og funksjonell strandsone, og vil ha negative konsekvensar for friluftsliv, med tanke på privatisering av strandsona i området, sjølv om fritid/turisme potensielt vil vera mindre privatiserande enn til dømes bustader eller fritidsbustader. Ei utbygging i området vil også ha negative konsekvensar for landskap. Området grensar til eit hyttefelt, men det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag, med unntak av ein tilkomstveg.
Innspelet vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting, samt nærmiljø og stadutvikling, inkludert barn og unge sine interesser.
Innspelet er dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, så lenge området vert brukt til naturpark, med sjøbad og grilling etc. Utleigehytter er døme på tiltak som vil vera privatiserande, og som ikkje vil vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Området vil krevje detaljregulering før realisering, og tilhøvet til plassering av ulike tiltak innanfor funksjonell strandsone må handterast her.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy

**Fagleg vurdering: Positiv tilråding**

# 5. NÆRINGSBYGNINGAR

## 23.4259_5 Næringsbygningar, gbnr. 26/1 m.fl.

| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br>Næring<br>Omsyn friluftsliv<br>Bandlegging etter lov om naturvern | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk**<br>Næring |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1.612 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på begge sider av E39 langs ein strekning på nesten 3 km frå Geitåstjørna i sør. Det er lite tiltak i området i dag, og området er i stor grad skogkledd. Innspelet overlappar med Hopsfjellet naturreservat. Det er relativt lite busetnad innanfor innspelet, men nokre hus ligg ved Hope. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturmangfald<br>Strandsone (langs vassdrag)<br>Friluftsliv<br>Behov for næringsareal i dette området |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Skog av varierande bonitet, myr, dyrka mark<br>Naturtypar: Naturtypane hule eiker med svært stor verdi, tre område med boreonemoral regnskog med stor verdi, engaktig fastmark med middels verdi, og gammal furuskog med stor verdi.<br>Naturvern: Innspelet overlappar med Hopsfjellet naturreservat. Føremålet med vernet er å ta vare på eit skogområde for å kunne | Tiltaket vil medføre arealbeslag og nedbygging av område med stor verdi, og innspelet vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald. | -3 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | forske på ulike suksesjonar etter ein skogbrann.<br>Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med Doksen – Hops-fjellet (svært viktig viltområde). Det er òg registrert to vilttrekk innanfor innspelet.<br>Artar: Det er registrert fleire artar innanfor innspelet | | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Inn-spelet overlappar med to registre-rte friluftslivområde; Ørevik i nord (viktig verdi), som er skildra som tursti gjennom kulturlandskap og skogsområde. Delen av frilufts-området som er innanfor innspelet er 160 daa. I aust ligg Hopsfjellet (svært viktig verdi). Området er skildra som tursti til Hopsfjellet, fleire trasear. Området er 2779 daa. | Ei utbygging i området vil med-føre negative konsekvensar for dei registrerte friluftslivområda. Området er stort, og innspelet ligg i sørleg utkant av området. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for friluftsliv, men ei utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette og middels kupert ås- og fjellandskap (NiN).<br>Innspelet ligg innanfor landskaps-type Vestlandets skogsåser, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekom-ande i lokal samanheng.<br><br>Terrenget innanfor innspelet er småkupert, og terrenget stig i aust oppover mot Hopsfjellet. Det er nokre mindre vatn og myrområde innanfor innspelet, og dyrka mark i hovudsak i nord.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Landskapet i området er så kup-ert at innspelet vil medføre store terrenginngrep. Storleik og type arealbruk (næring) vil medføre vesentlege endringar i området.<br><br>Området ligg eksponert til i frå E39 mot. innsyn, nærverknad og fjernverknad. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Innanfor innspelsområdet er det registrert automatisk freda kultur-minne (ein bautastein). | Det er registrert kulturminne i området, men ei utbygging i kan gjerast utan å røre ved bauta-steinen. | -1 |
| **Naturressursar** | Innspelet består av barskog av ulik grad av bonitet (726 daa høg og 256 daa særs høg). | Ei utbygging medføre tap av eit skogsareal med høg bonitet. Det bør difor vurderast avgrensing av innspelsområde for å unngå område med særs høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelsområdet ligg langs E39, og det er etablert infrastruktur i området. Det er kollektivtilbod langs E39, men ikkje fortau eller gatelys. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg tilknytt eit eksisterande ubygd næringsareal, samt langs E39. Innspelet ligg om lag 6 km frå Valevåg, og 4 km frå Førde sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Delar av området har produktiv barskog, med 266 daa særs høg bonitet, som har stor evne til å ta opp og lagre $CO^{2,}$ i tillegg til fleire myrområde. | | -3 |

| | | |
|---|---|---|
| **Næringsliv og sysselsetting** | Utbygging av næringsbygningar langs E39 kan bidra med auka nærings-utvikling og sysselsetting for Valestrand-krinsen og Sveio kommune. Det er lite næringsbygningar i Valestrand-krinsen, og tilknytinga til E39 gjer innspelet tilgjengeleg for forbipasserande og fastbuande.<br>Det er to ubygde næringsareal i gjeldande KPA i Valestrand; eit mindre areal på Staupe (N_21) og næringsarealet tilknytt dette innspelet (N_3). Utviding eller justering ut i frå N_3 kan difor vera positivt for næringsliv og sysselsetting for å leggje betre til rette for næringsarealet enn det er i dag. | +2 |
| **Strandsone** | Deler av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs vassdrag. Det er fleire vatn i/ved innspelet som er urørt og viktig å sikre i ein ev.reguleringsplan; Mørkavatnet, Hopstjørna, og fleire småvatn på vestsida av E39. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Næringsområde er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte. Store deler av området er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Delar av innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er aktsemdsområde for flaum i delar av innspelsområdet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring til- og langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er raud og gul støysone langs E39. Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet. Innspelet vil medføra auka støy i nærområdet, både i form av aktivitet i frå menneske, maskin og industri, avhengig av kva type nærings-bygningar som kjem. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er registrert høgspentleidningar som går gjennom sørleg del av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 3 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-3** | **-2** | **-3** | **-1** | **-2** | **0** | **0** | **-3** | **+2** |

| |
|---|
| Innspelet vil ha negative verknadar for natur, friluftsliv, kulturminne og landskap. Innspelet ligg i eit relativt urørt område, som gir utslepp av karbon. Det er etablert infrastruktur, og innspelet er plassert langs E39, som gjer ei sentral plassering, og kan gi positive verknader for næringsliv og sysselsetting i kommunen.<br>Det vil vera positivt å leggje til rette for nye næringsområde langs E39. Eksisterande N_3 har ikkje vore nytta i planperioden, justering av næringsarealet til eit meir eigna område kan difor gjere næringsverksemd i dette området meir aktuelt. Innspelet bør difor justerast til å berre omfatte det som er på vestsida av E39, og nord for registrert viltområde.<br>Store delar av innspelet omfattar urørt areal. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering.<br><br>ROS-analyse: skred, kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy og stråling frå høgspent |
| **Fagleg tilråding innspel: Området kan tilrådast positivt etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av næringsområde i kommunen. Innspelet bør eventuelt justerast til å ta med seg ein mindre del av innspelet som ikkje kjem i konflikt med bustadar og naturreservatet, på vestsida av E39 i den midtre delen av innspelet.** |

## 23.4259_1 Næringsbygningar, gbnr. 5/1 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br>Omsynssone H530_1 | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>Næring | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 866,4 daa (avgrensing skal eventuelt justerast) |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på heilt nord på Klubben på Tittelsnes, med strandlinje ut mot Bømlafjorden. Store delar av innspelet ligg såleis innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet). Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. Området er i stor grad skogkledd, omfatta av mindre tjørn, samt at området er utan tiltak. I tillegg er heile området omfatta av omsynssona H530_1 for friluftsinteressene på Klubben. Sør for innspelet er eksisterande bustadføremål B_1, som ikkje har blitt bygd i gjeldande planperiode. Innspela frå Valestrand bygdelag er store og omfattande, noko som gjer at det vert vanskeleg å ta stilling til dei. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Friluftsliv<br>Naturmangfald<br>Landskap<br>Overordna vurdering av behov i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Barskog av særs høg, høg og middels bonitet.<br>Naturtypar: Myr på land, tareskogforekomster i sjø.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: fleire registreringar, makrellterne (EN), kystskriftlav (VU), ærfugl (VU), gråmåke (VU), gul pærelav (NT), tjeld (NT), purpurlyng (NT), teist (NT) | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er relativt stort, og består i hovudsak av ubygde område. | -3 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: heile innspelet er omfatta av omsynssone H530_1 for | Utbygging i området vil medføre privatisering av strandsona, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Det vil medføre nedbygging av | -3 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | friluftslivinteresser. Tittelsnesklubben/Røysaneset er registrert som eit viktig friluftslivsområde med tursti/traktorveg i skogsområde, som er i bruk heile året. Det er gravrøyser ytst på neset.<br><br>Deler av innspelet ligg i strandsona. Denne er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad i området. | området som er registrert som viktig friluftsområde. Innspelet vil såleis ha store negativ verknadar for friluftsliv. | |
| **Landskap** | Innspelet er både ein del av Bjoafjorden-Skånevikfjorden og Bømlafjorden. Innspelet ligg såleis i landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Terrenget i området er kupert, og stig frå strandlinja til om lag 40 m.o.h. Området er utan tiltak. Utbygging av bustadar vil difor ha både store fjernverknadar for båttrafikken i fjorden då det er svært synleg frå sjøen, samt nærverknadar for friluftsbruken av området.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Ei utbygging i området, som ligg svært eksponert i frå sjø, vil medføre terrenginngrep i strandsona. Det er ikkje andre inngrep i området rundt i frå før. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, med negative verknader i det sårbare landskapet i strandsona. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Ytst på Tittelsnesklubben på Røysneset er det kulturminneregistreringar. Kulturminneregistreringane omfattar to gravrøyser frå bronsealteren, som er automatisk freda.<br>Det er ikkje registrerte SEFRAK-bygningar innanfor, eller i nærleiken av, innspelet. | Utbygging i området vil ha negative verknadar for kulturminne i området. | -2 |
| **Naturressursar** | 180 daa skog av særs høg bonitet, 320 daa av høg bonitet og 8,7 daa av middels høg bonitet. | Ei utbygging i området vil medføre tap av store skogressursar. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i området. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet grensar til område med bustadføremål, samt at det er etablert bustadar og bustadfelt inne i Vika på Tittelsnes (Gramshaug). Innspelet ligg om lag 4 km frå Valevåg. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 500 daa skog med særs høg og høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Innspelet ligg til sjø og omfattar eit stort areal. Næringsverksemd til sjø kan medføra store moglegheiter for næring i området, med nærleik til Stord via sjøvegen kan næringsverksemd her ha ringverknadar elles i regionen. Større næringsverksemd til sjø vil også vera positivt for sysselsetting i kommunen. | | +2 |

| | |
|---|---|
| **Strandsone** | Innspelet ligg dels i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for næringsområde som treng tilgang til sjø bør tilleggjast vekt om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping, og statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (SPR) seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren presiserer også at karakteristiske hovudtrekk i landskapet bør oppretthaldast og verdifulle førekomstar av naturtypar og artar å takast vare på. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR ettersom tiltaket vil ha for store konsekvensar for landskapet sine hovudtrekk.   |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Store nye næringsområde er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte, i form av gode vilkår for næringsliv. Området grensar til eit viktig øvingsområde for heimevernet. Det er viktig i eit samfunnsnytte-perspektiv at slike område vert ivaretatt. Store deler av det konkrete området er i dag urørt utan infrastruktur, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg eit aktsemdområde for skred innanfor innspelet | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg ikkje aktsemdområde for flaum innanfor innspelet | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert infrastruktur. Trafikktryggleik må vera tema i reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert støysoner i området, men avhengig av kva type næringsverksemd som blir etablert kan medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidning i området. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 13 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-3** | **-3** | **-3** | **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **+2** |

Innspelet ligg relativt sentralt plassert i forhold til Valevåg. Det er vesentlege negative konsekvensar ved innspelet, både for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Heile Tittelsnesklubben er registrert som viktig friluftsområde, samt at det er automatisk freda kulturminne ute ved Røysaneset. I tillegg vil utbygging i området medføra nedbygging av karbonrik skog, og store visuelle konsekvensar for landskapet. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy.

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 23.4259_4 Næringsbygningar, gbnr. 5/1 m.fl.

| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF<br>Friluftsområde<br>Fiskeområde<br>Akvakultur<br>Omsynssone H530_4, H530 _5, H530_7, H530_8, H530_25, H530_36, H530_27<br><br>**Planlagt arealbruk**<br>Næring | **Arealendring**<br><br><br>*Innspel til vurdering markert raudt.* |
|---|---|
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 866,4 daa (avgrensing skal eventuelt justerast) |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i sjø vest frå Storåsen til Lindås og omfattar heile Straumøynappen. Innanfor innspelsområdet er det i gjeldande kommuneplan arealføremål akvakultur, friluftsområde i sjø og på land, LNF og fiskeområde<br>Innspela frå Valestrand bygdelag er store og omfattande, noko som gjer at det vert vanskeleg å ta stilling til dei. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Friluftsliv<br>Naturmangfald<br>Landskap<br>Overordna vurdering av behov  i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Barskog av særs høg, høg og middels bonitet.<br>Naturtypar: Lokalt viktig kystfuruskog og myr på land, ålegrassamfunn i sjø.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Hekkeområde for fugl (tyvjo)<br>Artar: fleire registreringar, tyvjo (VU), gråmåke (VU), fiskemåke (VU), svartand (VU), gul pærelav | Tiltaket vil medføre arealbeslag, nedbygging av skogsareal, samt nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er stort, og består i hovudsak av | -3 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | (NT), storskarv (NT), laks (NT), gråspurv (NT). | sjøområde og ubygde landområde | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: heile innspelet er omfatta av omsynssone H530. Det er Midvikøya, Straumøynappen og Staurøya, som alle er registrert som friluftsområde. Lindøya er registrert som viktig friluftsområde.<br><br>Innspelet ligg i strandsona. Funksjonell strandsone i området går i 100-metersbeltet. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad. | Utbygging i området vil medføre privatisering av strandsona, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Det vil medføre nedbygging av området som er registrert som viktig friluftsområde. Innspelet vil såleis ha store negativ verknadar for friluftsliv. | -3 |
| **Landskap** | Innspelet er både ein del av Førdespollen og Bømlafjorden. Innspelet ligg såleis i land-skapstypane middels brede fjordløp og Brede fjordløp og fjord-møter med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/ eller over gjennom-snittet lokalt.<br><br>Terrenget i området er kupert, med varierande stigning frå strandlinja. Området er i hovudsak utan tiltak, med unntak av ein fritidsbustad i Vestre Vågen aust på Straumøynappen. Utbygging vil difor ha både store fjernverknadar for båttrafikken i fjorden då det er svært synleg både frå sjøen og land, samt nærverknadar for friluftsbruken av området.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Ei utbygging i området, som ligg svært eksponert til, vil medføre terrenginngrep i strandsona, samt utbygging og beslag av sjøareal. Det er minimalt med inngrep i området rundt i frå før. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, med negative verknader i det sårbare landskapet i strandsona. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | På Lindøya er det kulturminnereg-istrering for eit automatisk freda gravfelt. Innspelsområdet omfattar også omsynssone H570_22A for Husmannsplassen på Kjødnabakk-jen. Bygningane på Kjødnabakkjen er registrerte SEFRAK-bygningar og ligg like i nærleiken av innspelet. | Utbygging av næringsverksemd i området kan ha negative verknadar for kulturminne i området. | -2 |
| **Naturressursar** | Om lag 90 daa skog av særs høg bonitet, 630 daa av høg bonitet og 45 daa av middels høg bonitet. | Ei utbygging i området vil med-føre tap av store skogressursar. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i området . | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg om lag 8 km frå Valevåg, og om lag 9 km frå Førde sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 720 daa skog med særs høg og høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |

| | | |
|---|---|---|
| **Næringsliv og sysselsetting** | Innspelet ligg til og i sjø og omfattar eit svært stort areal. Næringsverksemd til sjø kan medføra store moglegheiter for næring i området, med nærleik til Bømlo via sjøvegen kan næringsverksemd her ha ringverknadar elles i regionen. Større næringsverksemd til sjø vil også vera positivt for sysselsetting i kommunen. | +2 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for næringsområde som treng tilgang til sjø bør tilleggjast vekt om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping. Strandsonerettleiaren presiserer også at karakteristiske hovudtrekk i landskapet bør oppretthaldast og verdifulle førekomstar av naturtypar og artar å takast vare på. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR ettersom tiltaket vil ha for store konsekvensar for landskapet sine hovudtrekk. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Større næringsområde er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte, i form av rammevilkår for næringsliv. Store deler av det konkrete området er i dag urørt utan infrastruktur, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg eit aktsemdområde for skred innanfor innspelet | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det ligg ikkje aktsemdområde for flaum innanfor innspelet | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert infrastruktur. Trafikktryggleik må eventuelt vera tema i reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert støysoner i området, men avhengig av kva type næringsverksemd som er tenkt her kan innspelet medføre støy i seg sjølv. Det er også vurdert gult for ytre miljø ettersom det vi påverke hekkeområdet og artar i sjø/på land. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidning i området. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 3 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-3** | **-3** | **-3** | **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **+2** |

| |
|---|
| Næringsareal til sjø kan gi store moglegheiter for utvikling av området då det kan gi auka aktivitet, betre omsetting på nærbutikkar og bustad og utleige marknaden i nærområdet. Landareala, Midvikøye, Straumøynappen, Staurøya og Lindøya er registrert som friluftsområde, samt at det er automatisk freda kulturminne på Lindøya. I tillegg vil utbygging i området medføra nedbygging av karbonrik skog, og store visuelle konsekvensar for landskapet. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.<br><br>ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy |
| **Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding** |

# 6. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG

## 17.16198 Naust, gbnr. 16/10 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Omsynssone friluftsliv i nordaust | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>1: Naust<br>2: Småbåtanlegg – lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1 – naust:2,1 daa<br>2 – småbåtanlegg: 2,6 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg like nord for Hauglandsvika, og omfattar to eksisterande naust, knytt til eksisterande fritidsbustader. Det er etablert kaianlegg og flytebrygger i tilknyting til nausta. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for naust og småbåtanlegg i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Kvernaneset, som ligg nordaust for innspelet, er registrert som eit svært viktig viltområde.<br>Artar: Ikkje registrert<br>Markslag: Open fastmark, bebygd, barskog av middels bonitet | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag | -1 |
| **Friluftsliv** | Innspelet grensar til, og overlappar så vidt med det kartlagde friluftslivområdet Ulveråkerhammeren/ Storåsen/Vasslivatnet i nord. Dette er skildra som eit friluftsområde/ landbruksområde med tilgang til sjø og ferskvatn.<br><br>Innspelet ligg i strandsona, og det meste av innspelet er definert som | Ei endring av føremål kan medføre at det vert bygd fleire naust i området, og dette vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona. Det ligg fritidsbustader relativt tett på strandsona i området, som medfører at strandsona i området allereie er dels privatisert. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | ikkje potensielt tilgjengeleg strand-sone, grunna fritidsbygg som ligg tett på . Den nordlege delen av inn-spelet, nord for det nordlegaste naustet, er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med stor helling (10 – 25 grader). | | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor Bømla-fjorden, med landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter, med middels verdi.<br><br>Innspelet ligg i strandsona i eit område med spreidde naust og hytter. Landskapet i området er småkupert. Den sørlege delen av innspelet består av eit nes, som i dag er utan tiltak.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Det ligg tre naust i området i dag, to innanfor innspelet, og eitt like nord for innspelet.<br>Ei vidare fortetting med naust i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap. Den sørlege delen av innspelet (sør for det sørlegaste naustet) bør bevarast som LNF-område av landskapsomsyn. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor eller like i nærleiken av innspelet. | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Naturressursar** | Ein del av innspelet består av barskog av middels bonitet, resten er bebygd og open fastmark | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det ligg naust innanfor og på nordsida av innspelet, og det er truleg enkelt å kopla seg til eksisterande infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med eksisterande naust, og hytter i bakkant. Innspelet ligg om lag 5 km frå Valevåg sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då deler av innspelet er bygd ut med naust. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Området er allereie dels bygd ut med naust og småbåtanlegg. Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, men slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk dei områda som er urørte i funksjonell strandsone til utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning | | |

| Menneske- og verksemdbaserte farar | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspelet vil gi opning for nokre få nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 7 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -1 | -2 | 0 | 0 | -1 | 0 | 0 | x |

Innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone, og vil ha negative verknader for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet omfattar eksisterande naust, og naustføremål i området vil såleis dels stadfeste gjeldande arealbruk, og samstundes opne for nokre få einingar i tillegg.
Det er tilrådd ei justering av innspelet, der ein tar inn naustet som grensar til innspelet i nord, og tar ut den sørlegaste delen som ikkje er utbygd. På denne måten tek ein vare på neset som ligg utan tiltak sør for innspelet, og ein får konsentrert naustområdet. Småbåtanlegg-føremålet kan leggjast utanfor naustføremålet, og slik at eksisterande tiltak ligg innanfor.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding: Positiv tilråding, justert til å ta med naustet nord for innspelsgrensa, og bør avsluttast like sør for eksisterande naust i sør.**

## 16.11674_2 Naust, gbnr. 8/3

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>Naust<br>Småbåtanlegg | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 2,0 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg inst i Tveitevika, i Øyro, like sør for planteskulen. Sjøområda utanfor innspelet er svært grunt, på flyfoto er det evje i området. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Djupneforhold<br>Overordna vurdering av behov for naust og småbåtanlegg i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog, innmarksbeite, sjø<br>Naturtypar: Sjøområda utanfor innspelet er ein del av naturtypen Fjorder med naturlig lavt oksygen-innhold i bunnvannet, med verdi Viktig. Området heiter Indre Vale-våg.<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet.<br>Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og innanfor funksjonell strandsone. Det meste av innspelet, med unntak av områda registrert som | Naustføremål i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område der det ikkje er tiltak i dag. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | innmarksbeite, er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. | | |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg tilknytt Valestrand oppvekstsenter. Dette er også nytta som samfunnshus for innbyggjarane i Valestrand-området. Parkeringstilhøva når det er sosiale samankomstar er mangelfull i området. Eit utvida areal for parkering vil difor vera positivt for nærmiljøet i Valestrand og bruken av oppvekstsenteret. | | +2 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert 0,6 daa innmarksbeite. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Etablering av gode parkeringstilhøve i tilknyting til skule, barnehage og samfunnshus vil vera positivt for lokalmiljøet og bruken av området. Det er negativt i eit berekraftperspektiv å byggje ned innmarksbeite. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for skred | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje under marin grense | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil betra parkeringstilhøva, og kan såleis vera med på å betra trafikktryggleiken i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone innanfor innspelet, som konsekvens av å liggje langs Tittelsnesvegen. Innspelet vil kunna medføre auka støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 10 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **-2** | **-2** | **0** | **+2** | **0** | **X** |
| Innspelet ligg innanfor omsynssone for kulturmiljøet på Einstabøvoll gard, samt at markslaget er innmarksbeite. Innspelet medfører såleis negative konsekvensar for kulturmiljø og naturressursar.<br>Betra parkeringskapasitet for henting og levering på oppvekstsenteret, samt til sosiale møte der oppvekstsenteret blir nytta vil vera positivt for området. Det er uheldig å byggje ned dyrka mark, samt at eventuell parkering ikkje skal råka kulturmiljøet i området. Steingarden vest for innspelet er ein viktig del av kulturmiljøet, og skal bevarast. Innspelet må difor justerast vekk frå steingarden og nærare vegen.<br>ROS-analyse: Skred, støy | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding: Justert positiv tilråding. Innspelet bør justerast i vest bort frå steingarden.** | | | | | | | | |

# 9. SMÅBÅTHAMN

## 20.16856_1 Småbåthamn og 20.16856_2 Molo, gbnr. 10/3

| **Gjeldande arealbruk** | **Arealendring** |
|---|---|
| LNF<br>Friluftsområde (sjø)<br>Småbåthamn |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>20.16856_1 (1): Småbåthamn<br>20.16856_2 (2): Molo | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 20.16856_1 (1): 6,9 daa<br>20.16856_2 (2): 1,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i Valevåg. Småbåthamna med bryggje, slipp og parkeringsplassar er i dag dels lokalisert i området avsett med arealføremål småbåthamn i gjeldande kommuneplan. Denne situasjonen er godkjent i 2019. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Kulturmiljø |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Det er registrert ærfugl (VU) i sjøområda i nærleiken av innspela. Det er registrert ask (EN) i nærleiken av innspelsgrensa.<br>Markslag: Sjø<br>Bebygd, impediment skog | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Småbåthamna er allereie etablert, og det er dels etablert veg og parkeringsareal på land. Konsekvensen er såleis avgrensa for innspel 1. For innspel 2 er det ingen tiltak i dag, og innspelet dekker eit urørt skjer. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv** | Innspelet ligg tett på det svært viktige friluftslivområdet Leirvåg. Dette er skildra som friluftsområde med kulturminne (koleragravplass) og badeplass, tilrettelagt av friluftsrådet, med eksisterande og planlagt tursti. | Småbåthamna er allereie etablert i området, og ei endring av føremål vil ikkje endra vesentleg på konsekvensen for friluftsliv, men kan bidra til at det vert enklare å leggje til rette for til dømes parkering i området. | +1 |
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor NiN-område Kystslettelandskap – Beskyttet indre småkupert kystslette med høyt jordbrukspreg. Innspela ligg innanfor landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter. Verdi 3.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Småbåthamna er allereie etablert i området, og det er allereie dels etablert veg og parkering innanfor innspelet. Endring av føremål vil såleis ikkje medføre landskapsmessige endringar i området.<br><br>Når det gjeld innspelet om molo er dette i eit område utan tiltak i dag, og vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar i strandsona. | 1: 0<br>2:-2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det ligg eit kulturminne – gravrøys innanfor innspel 1. Kulturminnet er registrert med uavklart vernestatus, på grunn av at det ikkje er gjennomført inngripande undersøkingar av gravrøysa.<br>Innspel 1 overlappar med, og innspel 2 grensar til omsynssone for kulturmiljø H570_18B. Dette er eit gardsmiljø på Nappen (10/3 m.fl.) med bygningar frå 1800-talet, m.a. eldhus og utefjos. Det er òg fleire automatisk freda kulturminne i omsynssona. | Innspel 1 vil vera i konflikt med automatisk freda kulturminne og omsynssone kulturmiljø.<br>For innspel 2 er det ingen kjende konsekvensar. | 1: -2<br>2: 0 |
| **Naturressursar** | Landområda er registrert som utbygd areal og impediment skog. Det er ikkje registrert ressursar i sjø. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Småbåthamna er allereie etablert, og det er vegframføring, og noko parkering i området. | | 1: +2<br>2: 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Småbåthamna er allereie etablert i området. Innspelet ligg tett på Valevåg sentrum i luftlinje, men ligg på vestsida av Valevågen, og det er såleis om lag 3 km køyreveg til sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal i området. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i sjø, og innanfor funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då innspelet er tilknytt eit område som er i bruk og er dels bygd ut med infrastruktur tilhøyrande småbåthamna. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Småbåthamna er allereie etablert i området, og det vil vera positivt at føremålet er i tråd med faktisk bruk av området. Innspelet på molo ligg i eit område som er urørt i dag, og tiltaket vil vera negativt i eit miljøperspektiv. | | |

**ROS-analyse**

| Naturfare | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Areala ligg under marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje eit tilbod for mjuke trafikantar langs tilkomstvegen. Småbåthamna er allereie etablert, med tilhøyrande trafikkmengd, og ei endring av føremål vil truleg ikkje endra risikoen knytt til trafikktryggleik vesentleg. Det må likevel takast omsyn til temaet ved vidare planlegging av parkering og tilkomst. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ei endring av arealføremål vil ikkje medføre endringar i støypåverknad. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Sjøkablar | Det er registrert ein sjøkabel i den søraustlege delen av innspel 1. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 10 km frå innspela i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | +1 | 1: 0<br>2: -2 | 1: -2<br>2: 0 | 0 | 1: +2<br>2: 0 | +1 | 0 | x |

Småbåthamna er allereie etablert i området, med tilhøyrande tilkomstveg og noko parkeringsareal innanfor innspelet. Endring av føremålet til å vera i tråd med utbygd situasjon er ikkje vurdert til å medføre vesentlege negative konsekvensar. Det er knytt noko usikkerheit til registrert kulturminne og kulturmiljø innanfor innspelet, og det er tilrådd at innspelet vert justert slik at kulturminnet nordvest i innspelet vert liggande i LNF-området.
Innspel 2 gjeld etablering av molo i eit område som dels ligg over eit skjer/ei grunne. Dette er eit urørt område, og etablering av molo vil ha negative konsekvensar for landskap, strandsone og naturmangfald. Innspelet vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1: Positiv tilråding, justert til utanfor kulturminnet i nordvest.**

**Fagleg tilråding innspel 2: Negativ tilråding**

# 10. FLEIRE FØREMÅL

## 18.583 Fritidsbusetnad, småbåthamn, naust, molo, gbnr. 7/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>18.583_1: LNF, bustad<br>18.583_2: Friluftsområde (sjø)<br>18.583_3: LNF<br>18.583_4: Friluftsområde (sjø) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>18.583_1 – Fritid<br>18.583_2 – Småbåthamn<br>18.583_3 – Naust<br>18.583_4 - Molo | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.583_1 – Fritid – 28,7 daa<br>18.583_2 – Småbåthamn – 0,7 daa<br>18.583_3 – Naust – 1,3 daa<br>18.583_4 – Molo – 0,8 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet er eit forslag om utviding av tilgrensande Kjekse hyttefelt, med tilhøyrande naustområde og småbåthamn. Innspela er ikkje utbygd i dag. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna behovsvurdering for fritidsbustader, naustområde og småbåthamn i området. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert<br>Markslag: Skog, sjø | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er relativt stort, og består i hovudsak av ubygde område. | -2 |
| **Friluftsliv** | Det er ikkje registrert friluftslivs-område innanfor eller i nærleiken av innspelet. | Utbygging i området vil medføre privatisering av strandsona, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. | 1:-2<br>2:-1<br>3:-2<br>4:-1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Deler av innspel 1 og heile innspel 3 ligg i strandsona. Innspel 2 og 4 ligg i sjø. Deler av strandsona innanfor innspel 1 og heile strandsona innanfor innspel 3 er registrert som potensielt tilgjengeleg. | | |
| **Landskap** | Innspelet ligg i landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen «brede fjordløp og fjordmøter». Området har landskapsverdi 3 – middels verdi.<br>Innspel 1 og 3 er i hovudsak skog-kledd, og utan tiltak. Terrenget stig frå strandlinja til om lag 50 m.o.h. lengst sør i innspelet.<br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Ei utbygging i området med fri-tidsbustader og naust vil medføre terrenginngrep i strandsona, og negative konsekvensar med omsyn til landskap.<br>Etablering av molo og småbåt-hamn vil ha mindre landskaps-messige konsekvensar | 1:-2<br>2:-1<br>3:-2<br>4:-1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet, men barskog, i hovudsak av høg bonitet.<br>Innspel 2 og 4 overlappar med fiskeplass for passive reiskap (område Valevåg – Otterøy) | Utbygging i området vil medføre tap av skog med høg bonitet. Utbygging innanfor innspel 2 og 4 vil kunne ha negativ påverknad på den registrerte fiskeplassen. | 1:-1<br>2:-1<br>3: 0<br>4:-1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje infrastruktur innanfor innspelet, men det ligg eit område med fritidsbygg og einebustader vest for innspelet, og det er truleg høve til å kopla seg på nærliggjande infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet grensar til område med fritidsbustader. Valevåg steinbrot ligg tett på området (i underkant av 100 meter), noko som kan vera utfordrande med omsyn til støy. Innspelet ligg om lag 1 km frå Valevåg. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er karbonrike areal i form av skog med høg bonitet innanfor innspelet. | | 1:-1<br>2-4: 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg dels innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø.<br>Strandsoneretteleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspel 1 er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, men det er positivt at det er ei utviding av eksisterande hyttefelt.<br>Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspel 2, 3 og 4 er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren. |  | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Arealet er i dag dels urørt område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering | | |
| **ROS-analyse** | | | |
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspel 2, 3 og 4, samt det meste av innspel 1 ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspel 2, 3 og 4, og deler av innspel 1 vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er fortau langs Tittelsnesvegen, men ikkje langs Kjeksevegen. Trafikktryggleik må vera tema for reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert støysoner innanfor innspelet. Steinbrotet på Valevåg ligg på det næraste 100 meter frå innspelsgrensa | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidningar innanfor innspela, men like aust for innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 11 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | 1: -2 | 1: -2 | 0 | 1: -1 | +1 | 0 | 1: -1 | x |
| | 2: -1 | 2: -1 | | 2: -1 | | | 2: 0 | |
| | 3: -2 | 3: -2 | | 3: 0 | | | 3: 0 | |
| | 4: -1 | 4: -1 | | 4: -1 | | | 4: 0 | |

Etablering av fritidsbustader i strandsona er i utgangspunktet ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Småbåthamn/molo og naust er døme på tiltak som må liggja i strandsona, men dei bør lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela ligg i urørt strandsone, og plasseringa er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren. Småbåthamner og -anlegg i nærområdet er i stor grad plassert i meir beskytta område, til dømes inne i viker/bukter, noko som kan indikera at dette området ligg noko eksponert til, og at plasseringa såleis ikkje er optimal.

Innspelet om fritidsbustad er utviding av eksisterande hytteområde, men det er ingen tiltak innanfor området i dag. Innspelet ligg dels innanfor funksjonell strandsone. Dei delane av innspelet som ligg utanfor funksjonell strandsone kan tilrådast positivt ved behov for fritidsbustader i området .

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy

| |
|---|
| **Fagleg tilråding innspel 18.583_1 (1): Positiv ved behov, utanfor funksjonell strandsone** |
| **Fagleg tilråding innspel 2, 3, 4: Negativ tilråding** |

# 21_678 Diverse, Valevåg ferjekai, gbnr. 9/31 m.fl.

<table>
<tr>
<td>Gjeldande arealbruk<br>1: Kombinert føremål<br>2: Veg<br>3: Næring, bustad, kombinert<br>4: Veg<br>5: Næring, veg, kombinert<br>6: Veg<br>7: Veg, næring<br>8: Bustad<br>9: Veg<br>10: Næring</td>
<td rowspan="2">Arealendring<br><br></td>
</tr>
<tr>
<td>Planlagt arealbruk<br>1: Sentrumsføremål<br>2: Sentrumsføremål<br>3: Sentrumsføremål<br>4: Park<br>5: Parkering<br>6: Kombinert føremål<br>7: Uteopphaldsareal<br>8: Kombinert føremål, grøntstruktur<br>9: Offentleg eller privat tenesteyting<br>10: Offentleg eller privat tenesteyting<br><br>Sjå skisse til høgre, tatt frå mulighetsstudie for Valestrand, utarbeidd av konsulentfirmaet «Leva Urban Design».</td>
</tr>
<tr>
<td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td>
<td>1: 2,4 daa<br>2: 0,2 daa<br>3: 0,3 daa<br>4: 1,3 daa<br>5: 0,3 daa<br>6: 3,9 daa<br>7: 0,7 daa<br>8: 3,7 daa<br>9: 0,2 daa<br>10: 0,3 daa</td>
</tr>
</table>

| | |
|---|---|
| **Skildring av området** | Innspela ligg kring den nedlagde fergekaien i Valevåg. Området består i dag av store veg- og kaiareal som ligg brakk etter tidlegare bruk som fergekai. Det er elles etablert ein matbutikk, samt ein leikeplass i området. Den nedlagde fergekaien fungerer i dag som beredskapskai. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Behov for beredskapskai |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Naturtypar: Sjøområda sør for innspelet – Indre Valevåg – er registrert som naturtypen Fjorder med naturlig lavt oksygeninnhold i bunnvannet, med verdi Viktig<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Framandarten Parkslirekne (Svært høy risiko) er registrert i nærleiken av innspela.<br>Markslag: I hovudsak bebygd, og samferdsel. Innspel 1 består dels av barskog med høg bonitet, og innspel 8 består av lauvskog av høg bonitet. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Store deler av innspela er påverka av tiltak, og området har avgrensa verdi for naturmangfald slik det ligg i dag. Unntaket er innspel 8, som består v lauvskog, og innspel 1 som dels består av barskog. | 1: 0<br>2: 0<br>3: 0<br>4: 0<br>5: 0<br>6: 0<br>7: 0<br>8: -1<br>9: 0<br>10: 0 |
| **Friluftsliv** | Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspela.<br>Alle innspela med unntak av innspel 1 og ein liten del av innspel 6 ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Heile innspel 8, og ein mindre del av innspel 6 og 7 ligg dels innanfor funksjonell strandsone. Mykje av strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg. | Området er tilgjengeleg for ålmenta i dag, og innspela vil ikkje endre på dette. Det er såleis vurdert at innspela ikkje vil føre til endringar når det gjeld privatisering av strandsona, eller ha andre kjende konsekvensar når det gjeld friluftsliv. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet ligg i landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen «brede fjordløp og fjordmøter». Området har landskapsverdi 3 – middels verdi.<br><br>Området består av den nedlagde fergekaien på Valevåg, med kringliggande område. Området består i stor grad av asfalterte flater, vegar og kaianlegg.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Dei føreslåtte arealendringane vil truleg medføre ei positiv endring i området med omsyn til landskap; då det vert opna for meir aktivitet og tiltak i eit område som i dag i hovudsak er ei stor grå asfaltert flate. | +2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Innspel 8 overlappar så vidt med sikringssona til det automatisk freda kulturminnet Valevåg. I tillegg ligg det eit arkeologisk minne – Steinalderlokalitet | Innspela kan leggja til rette for ny aktivitet i området, som ikkje er relatert til historisk bruk av området som fergekai. Dette kan potensielt koma i konflikt med | 1: -1<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -1<br>5: -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | innanfor innspel 8; men denne lokaliteten er frigitt, og vernestatus til kulturminnet er oppgitt til uavklart.<br><br>Dei fleste innspela, med unntak av deler av innspel 1 og 8 er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø – samferdsle i kulturminneplanen. | omsyna bak omsynssona for bevaring av kulturmiljø – samferdsle | 6: -1<br>7: -1<br>8: -2<br>9: -1<br>10: -1 |
| **Naturressursar** | Innspel 8 er registrert som lauvskog av høg bonitet, og innspel 1 består dels av barskog med høg bonitet. Det er ikkje registrert landbruksinteresser eller marine ressursar innanfor eller i nærleiken av innspela. | Noko negativ konsekvens for innspel 8, ingen kjende konsekvensar for dei andre innspela. | 1: 0<br>2: 0<br>3: 0<br>4: 0<br>5: 0<br>6: 0<br>7: 0<br>8: -1<br>9: 0<br>10: 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området er i stor grad utbygd i dag, og eksisterande teknisk infrastruktur kan truleg i stor grad nyttast. | | +2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela vil i stor grad medverke til ei positiv utvikling av nærmiljø og stadutvikling i Valevåg. | | +3 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert noko skog av høg bonitet innanfor innspel 1, og heile innspel 8 består av skog av høg bonitet. | | 1: -1<br>2: 0<br>3: 0<br>4: 0<br>5: 0<br>6: 0<br>7: 0<br>8: -1<br>9: 0<br>10: 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Innspela vil kunne føre til ei positiv utvikling knytt til næringsliv og syssel-setting i Valevåg. | | +2 |
| **Strandsone** | Innspela ligg dels innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsona i området er allereie i dag sterkt påverka av tiltak, men er tilgjengeleg for ålmenta. Dette vil også vera tilfelle med dei arealendringane som er føreslått i innspela. Innspela er såleis ikkje vurdert som vesentlege endringar med omsyn til strandsonevurderingar. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Det vil vera positivt for Valevåg og for kommunen med ein revitalisering av området kring fergekaien på Valevåg. Det er også positivt i eit miljøperspektiv å nytta område som er utbygd til nye føremål framfor å ta i bruk urørte område. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Nokre av innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |

| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det må utarbeidast reguleringsplan for området, der trafikktryggleik er tema. Dette er særleg relevant dersom kaien framleis skal vera beredskapskai. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Dei sørlege delane av innspel 6 og 8 er omfatta av gul støysone. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 10 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1: 0 | 0 | +2 | 1: -1 | 1: 0 | +2 | +3 | 1: -1 | +2 |
| 2: 0 | | | 2: -1 | 2: 0 | | | 2: 0 | |
| 3: 0 | | | 3: -1 | 3: 0 | | | 3: 0 | |
| 4: 0 | | | 4: -1 | 4: 0 | | | 4: 0 | |
| 5: 0 | | | 5: -1 | 5: 0 | | | 5: 0 | |
| 6: 0 | | | 6: -1 | 6: 0 | | | 6: 0 | |
| 7: 0 | | | 7: -1 | 7: 0 | | | 7: 0 | |
| 8: -1 | | | 8: -2 | 8: -1 | | | 8: -1 | |
| 9: 0 | | | 9: -1 | 9: 0 | | | 9: 0 | |
| 10: 0 | | | 10: -1 | 10: 0 | | | 10: 0 | |

Innspela har i hovudsak positive konsekvensar, og vil kunna vera positivt for utvikling av Valevåg. Det er positivt å nytta område som allereie er avsett til utbyggingsareal, og område som allereie er bygd ut før ein tek i bruk nytt og urørt areal.
Det må avklarast om innspela (særleg innspel 6) er i konflikt med behovet for å nytta fergekaien som beredskapskai. Det må avklarast i kva grad det registrerte kulturminnet innanfor innspel 8 er i konflikt med eventuell bruk av området. Området er omfatta av omsynssone kulturmiljø – samferdsel. Det må også avklarast om innspela er i konflikt med omsyna bak denne omsynssona.

Det må utarbeidast ein reguleringsplan, der ein må sjå på heilskapen i området. Det vil truleg vera aktuelt å nytta ein del kombinerte føremål i området for å leggja til rette for ønska bruk.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy.

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding**

## 23.2271 Bustader, gbnr. 8/16 m.fl, og 23.3493 Fritids- og turistformål, gbnr. 8/16 m.fl.

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk<br>Bustader, med omsynssone regu-leringsplan skal framleis gjelde;<br>Naust (reg.plan Valevåg grn. 8, bnr. 16 m.fl., PlanID 2004003)<br>Næring/utleige (reg.plan Valevåg - gnr. 9, bnr. 1 m.fl., PlanID 2006008)</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk<br>23.2271 (1): Bustader<br>23.3493 (2): Fritids- og turistformål</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>23.2271 (1): 17,1 daa (skal skrenkast inn for å unngå overlapp av gjeldande reg.plan Valevåg - gnr. 9, bnr. 1 m.fl., PlanID 2006008)<br>23.3493 (2): 0,5 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Området ligg sentralt på Valevåg, og er i dag bygd med naust, fritidsbustader og bustader, samt tilhøyrande infrastruktur. Aktuelt område ligg ved sjø, der arealet skrår oppover i bakkant av naustbygningane. Bygga innanfor innspelet er i hovudsak naust. Bygga innanfor innspel 2 (23.3493) er også naust (3 stk), mens det nord for dette innspelet ligg fire bygg registrert som camping-/utleigehytte. Eksisterande bustader ligg åtskilt på eit anna høgdenivå, i bakkant av nausta. Området ligg i Tveitavika, innanfor byggjeforbodsbeltet langs sjø (100-metersbeltet).</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Bygd areal.<br>Naturtypar: Ingen registreringar. I tilgrensande areal er det registrert ein marin naturtype; Fjordar med naturleg lågt oksygennivå (Indre Valevåg), med viktig verdi.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Granmeis (sårbar art). | Tiltaka vil ikkje medføre ytterleg-are arealbeslag, og verknadane for naturmangfald er avgrensa. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Innspela ligg i strandsona, som i området er registrert som utilgjen-geleg grunna eksisterande tiltak. | 1: Ei arealføremålsendring i frå naust til bustader i området vil medføre privatisering av strand-sona, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv.<br>2: Føremålsendringa vil medføre meir privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspelet ligg i land-skapstypen Brede fjordløp og fjord-møter med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/ eller over gjennom-snittet lokalt.<br><br>Terrenget i området er småkupert, og stig frå strandlinja til om lag 30 m.o.h. Området er i hovudsak utan tiltak, med unntak av nokre bygg i søraust og ein anleggsveg og høg-spentlinje i vest.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Tiltaka vil ikkje medføre ytterleg-are arealbeslag, og verknadane for landskap vert avgrensa. Ei endring i frå naust til bustader/ fritids- og turistformål vil medføre endringar i landskaps-uttrykk. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne innanfor, eller i nærleiken av, innspela.<br><br>Det er registrert eit sjøbruksmiljø H570_76A innanfor i området, men denne er feilplassert, og brann elles ned for nokre år sidan. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Bygd areal. | Bygd areal, og såleis ingen konse-kvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området er i frå før bygd med naust, fritidsbustader og bustader, og infrastruktur er etablert. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs privat tilkomstveg. Langs fv. 4990 er det etablert fortau, veglys og kolle-ktivtrafikk. Fortau ligg på motsett side av fv., utan etablert overgang. | | 1: -1<br>2: 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela ligg i område med naust, utleigehytter, fritidsbustader og bustader. Innspelsområda ligg i sentrum av Valevåg, med kort veg til m.a. skule og barnehage. | | 1: +2<br>2: 0 |
| **Karbonrike areal** | Områda er bygd ned i frå før, og består såleis ikkje av karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Innspela ligg byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspel 1 er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br>Vidare skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, leggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon, som er naust. Utleigehytter er til dømes ikkje | | |

| | |
|---|---|
| | tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit utbygd område med infrastruktur. Innspela ligg svært sentralt til på Valevåg, og tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. Det er også positivt å nytta areal som allereie er utbygd framfor å ta i bruk nye, urørte område til utbyggingsføremål. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/eit aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morene-materiale, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/eit aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs privat tilkomstveg. Langs fv. 4990 er det etablert fortau og veglys, på motsett side av fv. utan etablert overgang. Trafikktryggleik må vera tema i ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspela vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidning gjennom innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 10 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | 1: -2<br>2: -1 | -1 | 0 | 0 | 1: -1<br>2: 0 | 1: +2<br>2: 0 | 0 | X |

1: Innspelet inneber ei utviding av eksisterande spreidd bustadområde, der konsekvensane av justeringa er vurdert å vera avgrensa. Det er etablert infrastruktur og området ligg svært sentralt til på Valevåg. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere bustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Innspelet vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.
2: Innspelsområdet er i dag bygd ned, og det er etablert infrastruktur. Innspelet vil medføre meir privatisering av strandsona, og er ikkje vurdert å vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Innspelet vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.

Området er vist som bustad i gjeldande kommuneplan. Eventuelle endringar må vurderast i samband med ei reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning. trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (23.2271) og 2 (23.3493): Negativ tilråding.**